

## PLANINITIATIV

### Mal for materiale som skal leverast ved førespurnad om oppstartsmøte

Ved ønskje om oppstart av privat reguleringsplanarbeid, skal forslagsstillar sende inn eit planinitiativ som i naudsynt grad skal omtale premissene for det vidare planarbeidet. Malen er utarbeidd for å dekke punkta som det skal gjerast greie for i eit planinitiativ etter § 1 i [Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulerings etter plan- og bygningsloven](#).

Tekst markert med raudt er hjelpetekst som skal strykast eller erstattast, alt etter kva som er relevant. Kulepunkta kan brukast som underoverskrifter.

Forslag til plannamn:	
Stad/område:	
Gnr./bnr.:	
Tiltakshavar:	
Plankonsulent:	

### Hovudinnhaldet i planinitiativet

Gjer greie for:

- Bakgrunnen for planinitiativet
- Foreslått formål
- Enkle idéskisser

### Planområdet – dagens situasjon

- Forslag til planavgrensing: Basiskart (pdf-format)  
SOSI-format
- Kort skildring av området: t.d. eksisterande bygningsmasse, strøkskarakter, landskap, blågrønne strukturar.



- Gjer greie for eventuelle eksisterande kartleggingar av området. Døme: grunnundersøkingar, arkeologiske undersøkingar, trafikktejingar, raskartleggingar.

### Forholdet til overordna planar og retningsliner

Gjer greie for gjeldande planstatus:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel: aktuelle strategiar.
- Kommuneplanen sin arealdel: arealformål, eventuelle hensynssoner, blågrøne strukturar.
- Vedtekte reguleringsplanar i nærområdet.
- Reguleringsplanar under arbeid i nærområdet.

Gjer greie for om planinitiativet utfordrar føringar gitt i overordna planar, samt retningsliner for byggehøgder, uteoppfallsareal mm.

### Moglegheits/stadanalyse

Vurdering av planlagt formål opp mot gjeldande strukturar i området. Korleis bidreg planen til området? Skildre fordelar og ulemper.

### Verknader av planinitiativet

Gjer greie for om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet, til dømes for:

- Landskap, omgjevnader og strøkskarakter
- Fjernverknad
- Auka trafikk og støy
- Naturmangfald
- Friluftsliv
- Kulturverdiar
- Barn og unge sine interesser
- Andre aktuelle konsekvensar av tiltaket

### Medverknad

- List opp berørte offentlige organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart.
- Skildre prosessar for samarbeid og medverknad frå berørte fagmynde, grunneigarar, festare, naboar og andre berørte.

### Samfunnssikkerhet og risiko

Gjer greie for aktuell risiko og sårbarheit som det må takast omsyn til i det vidare planarbeidet.

### Konsekvensutredning

Vurdering av om planen er omfatta av [forskrift om konsekvensutredninger](#). Dersom ja: skildre korleis krava vil kunne verte ivareteke.